



Notat

Til: Ordfører

Kopi til:

Saksbehandler: Samfunnsutvikling/Tore Henrik Øye

Vår referanse: 19/483 - 11 / Gbnr-41/1

Dato: 22.03.2022

EMNE: LOVGRUNNLAG FOR KOMMUNEN TIL Å ENDRE EIGE VEDTAK

Det vert vist til spørsmål frå representant Kjarten Haugsnes (SV) på formannskapsmøtet den 15.03.22, om kommunestyret sin moglegheit til å endre eige vedtak.

Spørsmålet var knytt til handsaming av søknaden om utsetjing av buplikt på gbnr. 41/1 Kalland. Heimelshavar fekk konsesjon ved erverv av landbrukseigedom, med vilkår om buplikt, jf. vedtak i kommunestyret av 23.09.19, sak 19/483.

Heimelshavar har no søkt om utsetjing av buplikta i fem år, med grunngeving i dårleg tilstand for våningshuset. Innstillinga frå Kommunedirektøren er å gje utsetjing i to år.

Som alternativ er Kommunedirektøren beden om vurdere det lovmessige grunnlaget for å oppheve vilkåret om buplikt.

Reglar for oppheving av eige vedtak, er gjeve i «Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven)» § 35 første ledd. Her står det følgjande:

- **«Et forvaltningsorgan kan omgjøre sitt eget vedtak uten at det er påklaget dersom:**
 - *a. endringen ikke er til skade for noen som vedtaket retter seg mot eller direkte tilgodeser...»*

Prinsippielt er vilkåret om buplikt ei plikt/ei føring som den det gjeld må følgje. Ei eventuell oppheving av vilkåret vert av den grunn ikkje vurdert å vere til skade for vedkomande person.

I gjeldande sak har heimelshavar sjølv bede om å få buplikt. Ei formell oppheving av vilkåret om buplikt, vil ikkje vere til hinder for at heimelshavar flyttar til eigedomen.

Kommunedirektøren vurderer at forvaltningslova § 35 første ledd, gjev kommunestyret høve til å endre vedtaket om buplikt i gjeldande sak.

Med helsing

Tore Henrik Øye
Rådgjevar landbruk